


Sak

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR GUNNAR HAUGEN BUSTADSOMRÅDE.  
LEVELD, GNR.66, ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	18.12.85	Brev fra Ål kommune til U.O.	
2	11.02.86	Brev fra U.O. til Ål kommune	
3	21.05.86	Innberetning ved Espen Uleberg	Fornminner
4	09.06.86	Brev fra U.O. til Ål kommune.	
5	13.11.86	Brev fra Ål kommune til U.O.	
6	13.02.87	Brev fra U.O. til Ål kommune	
7	07.06.87	Brev fra U.O. til Ål kommune	
8	20.07.87	Vedtak fra kommunestyret	



**ÅL KOMMUNE**  
**TEKNISK ETAT**

POSTBOKS 115 — 3570 ÅL  
TLF: 067/81 011  
POSTGIRO: 5 50 09 05  
BANKGIRO: 2320.20.29 531

OLDSAKSAMLINGEN 1  
Jnr. 002088 19. DEC. 85  
SAKSB. AEC ARKON<sub>2</sub>

JNR.: 1951/85  
ARK.: 504

SKULESTYRET I ÅL, 3570 ÅL.  
KULTURUTVALET I ÅL, 3570 ÅL.  
FRILUFTSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.  
ÅL KRAFTVERK, 3570 ÅL.  
LANDBRUKSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.  
FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD, HAUGESGT. 89, 3000 DRAMMEN.  
FYLKESMANNEN I BUSKERUD - MILJØVERNAV. , HAUGESGT. 89, 3000 DRAMMEN.  
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE - PLAN- OG NÆRINGSKONTORET, HAUGESGT. 89, 3000 DRAMMEN  
FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD, KONNERUDGT. 7, 3000 DRAMMEN.  
VEGSJEFEN I BUSKERUD, TOLLBUGT. 2, 3000 DRAMMEN.  
UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGA, FREDRIKS GT. 2, 0164 OSLO 1.  
TELEVERKET - DRAMMEN TELEOMRÅDE, Ø. STRANDGT. 2, 3000 DRAMMEN.

**REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN BUSTADOMRÅDE.**  
=====

Al, bygningsråd har i møte, den 19.11.85, sak 158/85, godkjent reguleringsplanforslag for utviding av Gunnarhaugen bustadområde. Planavgrensinga er godkjent i Al formannskap, den 9.12.85, sak 474/85.

Planforslaget omfattar tidlegare plan for Gunnarhaugen, stadfesta av fylkesmannen den 9.10.85.

Ein ber om at De gir uttale til planforslaget og reguleringsbestemmelsene, innan 1. februar 1986.

Al, den 18.12.85

Eystein Kvam  
(Konst.tekn.sj.)

Kjell Kløve  
(Avd. ing.)

- Vedlegg: - Kopi av planforslag  
- Kopi av reguleringsbestemmelser  
- Kopi av bygn.rådsvedtak 147/85 og 158/85  
- Kopi av form.sk.vedtak 474/85

## REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.

Reguleringsføresegnene gjeld for området innafor reguleringsgrensa som vist på plankart for Gunnarhaugen, dagsett 22.10.85.

Tidlegare reguleringsplan for Gunnarhaugen i målestokk 1:2000, med tilhøyrande reguleringsføresegner, stadfesta av fylkesmannen den 09.10.78, vert oppheva av denne planen.

Innafor planområdet er det regulert til følgjande reguleringsføresmål:

1. BYGGEOMRÅDER
2. LANDBRUKSOMRÅDER
3. TRAFIKKOMRÅDER
4. FRIOMRÅDER
5. FAREOMRÅDER
6. SPESIALOMRÅDER

### 1. BYGGEOMRÅDER

#### BUSTADER

I bustadområda kan oppførast bustader med tilhøyrande bygningar (garasjer, uthus etc.).

Bygningsrådet kan tillate innslag av kommersielle eller sosiale verksemdar som etter rådet sitt skjønn ikkje vil verke forstyrrande eller skjemmande på bumiljøet.

Bygningar kan oppførast i maks. 1 høgd, men loft kan utnyttast til rom for varig opphald. Sokkeletasje/kjellar kan og ha rom for varig opphald der det etter bygningsrådet si vurdering ligg til rette for det.

Maks. bebygd grunnflate skal ikkje overstige 25 % av tomtestørrelsen.

#### OFFENTLEGE BYGNINGAR

Nord for fylkesvegen er det avsett areal til barneskule. Skuleområdet er delvis utbygd, og planlagt utvida til bygningsstorleik som innteikna på planen.

### 2. LANDBRUKSOMRÅDER

Område angitt i planen som L 1, skal nyttast til landbruk/skogbruk. Bygningsrådet kan tillate oppført mindre bygningar som nyttast i landbruksdrifta, dersom dei etter rådet sitt skjønn ikkje verkar skjemmande eller er til plage for bumiljøet i planområdet. Langs fylkesvegen er ein del areal lagt ut til landbruksformål ettersom planbegrensinga er lagt langs byggelinja.

### 3. TRAFIKKOMRÅDER

Trafikkområda skal nyttast til køyreveggar, gangveggar og parkeringsplass, med tilhøyrande grøfter/skråningar.

#### 4. FRIOMRÅDER.

Friområda kan nyttast til leikeplassar, turvegar, sportsutøving m.m. Områda skal virke som åtkomst til aktivitetar på arealet og til omkringliggende utmark utanfor planområdet. Innafor område F 2 er det sett av plass for hoppbakke. Det kan tillatast oppføring av leikeutstyr.

#### 5. FAREOMRÅDER.

Over vestre del av planområdet går ein 24 kV høgspenline. Byggeforsbudsareal langs lina er innteikna på plankartet og gitt skravur. Mindre viktige bygningar (uthus, garasje o.l.) kan tillatast oppført på det skraverte arealet etter nærare retningsliner, og etter godkjenning frå bygningsrådet og eigaren av lina.

#### 6. SPESIALOMRÅDER.

I planen er det avsett areal til kommunaltekniske anlegg. Arealet er nytta og vil bli nytta til plassering av grunnvannsbrunn. Det kan tillatast oppført pumpehus på området.

#### 7. ANDRE FØRESEGNER (JER. BYGNINGSLOVA § 26 NR. 1.)

##### 7.1. TRAFIKKAREAL (JER. § 26 NR. 1A)

- A. Stigningen på køyrevegane skal ikkje overstige 10 o/oo.
- B. Terrenginngrep i samband med veganlegg skal skje mest mogeleg skånsamt. Vegskjæringer og fyllinger skal tilplantast eller handsamast på annan tiltalende måte.
- C. Hovudåtkomst for området vert frå fylkesveg 244. Planen har to avkøyringar frå fylkesvegen:
  - Hovudveg inn i bustadområdet
  - Avkøyring til skuleområdet.
- D. I området mellom frisisiktline og vegføremål (frisisiktsoner), skal det vera fri sikt i ei høgde av 0,5 m over planflate mellom tilliggande vegar.
- E. Innregulert gangveg kan nyttast som åtkomst til bustadtomt B 4, med innkøyring frå bustadvegen (frå syd).

##### 7.2. BUSETNADEN (JER. § 26 NR. 1B OG 1C)

- A. Bustnaden skal utformast som frittliggende bygningar.
- B. Bygningane skal ha saltak med takvinkel mellom 18 og 35 grader. Taktekkje skal ha avdempa farge.
- C. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at busetnaden får ei utforming og materialhandsaming som høver inn i byggeskikk og bygdekultur i området. Det skal og leggast stor vekt på at plassering av bygningar og eksteriør gir ein god intern harmoni innafor feltet. Utvendige farger skal godkjennast av bygningsrådet.

- D. Bygningar kan oppførast i ein etasje, men loft kan utnyttast til rom for varig opphald. Det same gjeld rom i sokkeletasje/kjellar når det ligg til rette for det.
- E. Gesimshøgda skal ikkje overstige 5,0 m.  
Høgde frå terreng til møne skal ikkje overstige 8,0 m.
- F. Plassering av bygningar på tomtene skal fastsetjast av b.rådet.
- G. Garasjer og uthus kan oppførast i ein etasje med grunnflate ikkje over 50 m<sup>2</sup>, og skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til form, farge og materialval.  
Frittliggande garasjer og uthus kan plasserast med ein vegg inntil 1,0 m frå nabogrense.  
Dersom terrengtilhøva eller andre særlege grunnar tilseier det, kan garasje/uthus plasserast inntil 4 m frå regulert vegkant når utkøyring frå garasje skjer på eigen gardsplass.
- H. Plassering av garasje/uthus skal vera vist på situasjonsplanen som fylgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om det ikkje skal oppførast samstundes.
- I. I tillegg til garasje skal det på kvar tomt vera oppstillingsplass for minst ein personbil.

### 7.3. UINYTING AV TOMTENE (JER. § 26 NR. 10)

Grunnflata av alle bygningar på bustadtomtene skal ikkje overstige 25 % av tomta sitt nettoareal.

### 7.4. FELLES AREAL (JER. § 26 NR. 1E)

Som åtkomst for to tomter er det avsett felles trafikkareal som vist på planen.

### 7.5. UBEBYGD AREAL (JER. § 26 NR. 1I)

- A. Ubebygd areal skal gjevast ei tiltalande behandling.  
Eksisterande vegetasjon må så langt råd er takast vare på.
- B. Inga tomt må plantast til med tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjønn verkar skjenerande for offentleg ferdsel eller for naboeigedommar.
- C. Materialbruk, utforming og farge på gjerde, forstøtningsmurar, skilt, utelys m.v. må godkjennast av bygningsrådet.
- D. Tørkestativ, oljefat, søppelstativ o.l., skal plasserast slik at dei skjenerar minst mogleg.
- E. Ubebygd del av tomta skal haldast i orden og god stand.  
Eventuell utandørs lagring må ordnast på ein tiltalande måte og om naudsynt skjermast mot innsikt.
- F. Areal for kommunaltekniske anlegg som ikkje er bebygd, skal såast og plantast til, slik at det fell godt inn i naturmiljøet.

## 8. FELLESEFØRESEGNER

### 8.1

Etter at denne reguleringsplanen med tilhørende føresegner er stadfesta, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler i strid med planen.

# Utskrift av møtebok

1

for **AL BYGNINGSRÅD**

i møte den **23. OKTOBER 1985**

Av **5** medlemmer var **5** til stades (møtande varamenn medrekna).

**SAK 147/85**

**REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.**

## MERKNADER :

Formannskapet vedtok i sak 281/85 ei foreløbig avgrensing for utviding av Gunnarhaugen bustadområde.

Avgrensinga vart vedteke etter skisse frå Teknisk Etat, med grunnlag i økonomisk kartverk.

Vi har no fått kartverk for Gunnarhaugområdet i målestokk 1:1000.

Tidlegare stadfesta plan i Gunnarhaugen er oppteikna på kart i målestokk 1:2000, eit kart som er oppfotografert frå økonomisk kartverk. (1:5000) På grunn av unøyaktigheit og dårleg topografi på eit slikt kart, finn ein det rett å legge fram planforslag som omfattar både utviding og eksisterande stadfesta planområde.

Det nye planforslaget er tilpassa eksisterande oppmålte tomtegrenser og vegføringer.

Grunneigarar som er berørt av det utvida planområde er varsla om at planlegging er sett i gang.

Planforslag vert lagt fram i to alternativ.

Alternativ 1 er avgrensa i samsvar med tidlegare plan og utviding vedteke i formannskapet, bortsett frå området langs fylkesvegen. Ein har der funne det rett å ta med fylkesvegen inklusive byggelinebreidda på 12,5 m til kvar side, i ei lengde som dekkjer frisisiktsonene. Fylkesvegen er gitt ei reguleringsbreidde på 7 m brutto, pluss 3 m til grøft/skråning på kvar side.

Forslaget gir 8 nye bustadtømtar med storleik frå 940 til 1150 m<sup>2</sup>. I tillegg er det innregulert to nye friområder, eit parkeringsareal og eit mindre areal til kommunaltekniske anlegg der eksisterande grunnvannsbrunn med tilhøyrande pumpehus no er plassert. Friområda kan nyttast mellom anna til leikeplassar, og er elles lagt som eit skilje mellom eksisterande og nye tømter.

På nordsida av dei nye tømtena ligg det i dag ein ferdig opparbeida hoppbakke.

Frå fylkesvegen er det dessutan vegforbindelse forbi hoppbakken og inn i det utvida planområdet. Veggen tener som åtkomst for ei tomt som no er bebygd og nytta som hyttetomt, forutan at den tener som driftsveg for grunneigarane.

**SAK 147/85 FORTS. SIDE 2.**

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamenn medrekna).

## SAK 147/85 FORTS.

## SIDE 2.

Det er nærliggande å vurdere hoppbakken som eit attraktivt leike/sports-område i tilknytning til bustadområdet.

Den nemnte vegen vil dessutan vera ein ypperleg gangvegtrase frå bustadområdet til skulen.

Ein legg difor fram eit planforslag, Alt. 2, der friområda er utvida for å sikre hoppbakken, og eksisterande driftsveg/hytteveg er regulert som gangveg.

Hyttetomta kjem då innafor reguleringsgrensa og er regulert som bustadtomt.

Skuleområdet nord for fylkesvegen er og tatt inn i planområdet som offentlig areal.

For å sikre gangtrafikken mest mogeleg, er det dessutan langs fylkesvegen lagt inn gangbane mellom gangveg frå det nye bustadområdet og hovudvegen inn i feltet.

Alternativ 2 gir samme antal nye tomter som alt 1, men omfattar som nemnt i tillegg ei bebygd tomt. Denne må gjevast åtkomst gjennom søndre del av gangvegen.

Sjølv om alternativ 2 går noko ut over den avgrensinga som vart vedteke i formannskapet, meiner ein at det er viktig å sikre dei områda som er tatt med. Forslaget gir dessutan ei betre løysing av gangtrafikken, og tek omsyn til eksisterande anlegg i tilknytning til området. Ein vil difor tilrå at bygningsrådet går inn for planforslag alternativ 2.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK.

Al Bygningsråd rår til at Gunnarhaugen bustadområde vert regulert i samsvar med planforslag - alternativ 2, dagsett 22.10.85, med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Planforslaget vert oversendt Al Formannskap for godkjenning av ny avgrensing.

Dersom formannskapet godkjenner avgrensinga, vert planforslaget å legge ut til offentlig ettersyn i samsvar med bygningslova.

Planen vert samstundes sendt til alle vedkommande offentlege instansar og berørte grunneigarar til uttale.

## SAK 147/85 FORTS. SIDE 3.



for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamenn medrekna).

SAK 147/85 FORTS.

SIDE 3.

BYGNINGSRÅDET SITT VEDIK:

BYGNINGSRÅDET BER OM AT DET VERT UTARBEIDD EIT ALTERNATIV 3 TIL  
REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.

I DET NYE ALTERNATIVET SKAL DET INNARBEIDAST YTTERLIGARE TRE NYE  
BUSTADTOMTER PÅ AUSTSIDA AV BUSTADVEGEN SAMT TOMT FOR BARNEHAGE.  
EIN DEL MINDRE JUSTERINGAR SOM VART DISKUTERT PÅ MØTET VERT LIKEEINS TEKE  
INN I ALT. 3.

FØR SAKA VERT TEKE OPP ATT I BYGNINGSRÅDET SKAL DEI FORSKJELLIGE  
ALTERNATIVA VURDERAST I EIT MØTE DER ORDFØRAR EV. RÅDMANN, TEKNISK SJEF,  
BYGNINGSRÅDSFORMANN OG PLANLEGGAR DELTEK.

Rett utskrift:

Al, den 25. oktober 1985



Kjell Kløve  
(Avd. ing.)

# Utskrift av møtebok

1

for **AL BYGNINGSRÅD**

i møte den **19. NOVEMBER 1985**

Av **5** medlemmer var **5** til stades (møtande varamenn medrekna).

**SAK 158/85**

**REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.**

MERKNADER :

Ein viser til saksutgreiing og vedtak i bygningsrådsak 147/85.

Planforslaget er justert i samsvar med tidlegare vedtak, og vurdert i møte med ordførar og bygningsrådsformann.

Arealet som er tatt inn i planforslaget er større enn den avgrensinga som er vedteke i formannskapet.

Planavgrensinga må difor leggast fram for formannskapet på ny, før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Al bygningsråd godkjenner forslag til reguleringsplan for Gunnarhaugen dagsett 22.10.85 - alt. 3.

Planforslaget vert oversendt Al Formannskap for ny godkjenning av planavgrensinga.

Med atterhald om at Formannskapet godkjenner avgrensinga, vert planen å leggje ut til offentleg ettersyn i samsvar med bygningslova.

Kopi av planforslag og reguleringsføresegner vert sendt alle vedkommande offentlege instansar for uttale samstundes med utlegginga.

Grunneigarar og andre berørte partar vert tilsendt kopi av plankart, med opplysning om uttalefrist.

BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK:

=====

**FRAMLEGGET FRÅ SAKSHANDSAMAR VERT GODKJENT.**

Rett utskrift: Al, den 20. november 1985

  
Kjell Kløve (Avd. ing.)

# Utskrift av møtebok

for Ål formannskap

i møte den 9. desember 1985

Av 7 medlemer var 7 til stades (møtande varamenn medrekna).

F.SAK 474/85. AVGRENSING AV REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.  
Arkiv 504

Samrøystes vedtak:

Ål formannskap har ikkje merknader til avgrensinga av reguleringsplan for Gunnarhaugen slik han går fram av teikning dagsett 22.10.85 - alt. 3.

Rett utskrift, Ål formannskapskontor 10. desember 1985

*Kirsten Sollien*  
Kirsten Sollien  
ktr.film.


1907 504 85  
KK X

Vert sendt: Ål byngingsråd  
Rådmannen


Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



1. FORRETNINGAR, KONTOR M.V. INDUSTRI OFFENTLEGE BYGNINGAR ALLMENNUTTIGE FØREMÅL	STREKSYMBOL M.V. PLANAVGRENSING GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL BYGGEGRENSE TOMTEGRENSE EKSISTERANDE EIGEDOMSGRENS SOM VERT OPPHEVA FRISIKTLINE SENTERLINE REGULERT VEG OMRISS AV PLANLAGTE BYGG OMRISS AV EKSISTERANDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN VATN
2. LANDBRUKSOMRÅDER JORDBRUK/SKOGBRUK	
3. TRAFIKKOMRÅDER KØYREVEG GANG-/SYKKELVEG, FORTAU TILSÅDD GANGAREAL	
4. FRIOMRÅDER PARK, IDRETT OG SPORT LEIK	
5. FAREOMRÅDER Høgspentline	
6. SPESIALOMRÅDER KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG GRUNNVANNSBRUNN CAMPINGPlass/UTLEIGEHYTTER	



REGULERINGSPLAN/ENDRING:

# GUNNARHAUGEN

Kartblad:  
Kartprodusent:

REVISJONAR:

DATO SIGN.

SAKSBEHANDLING IFLG. BYGNINGSLOVA:

1. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET  
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSROMMET

9/12-85

2. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET  
EVT. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN

3. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET  
KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

STADFESTA AV:

PLANEN UTARBEIDD AV:


ÅL KOMMUNE - TEKN.ETAT

DATO	SAK NR.	SAKSBEH.
22.10.85		K. Skjerve


Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



	HYTTER		STREKSYMBOL M.V.
	FORRETNINGAR, KONTOR M.V.		PLANAVGRENSING
	INDUSTRI		GRENSE FOR REGULERINGSFØREMÅL
	OFFENTLEGE BYGNINGAR		BYGGEGRENSE
	ALLMENNUTTTIGE FØREMÅL		TOMTEGRENSE
			EKSISTERANDE EIGEDOMSGRENSE SOM VERT OPPHEVA
	2. LANDBRUKSOMRÅDER		FRISIKTLINE
	JORDBRUK/SKOGBRUK		SENTERLINE REGULERT VEG
			OMRISS AV PLANLAGTE BYGG
	3. TRAFIKKOMRÅDER		OMRISS AV EKSISTERANDE BYGG SOM INNGÅR I PLANEN
	KØYREVEG		VATN
	GANG-/SYKKELVEG, FORTAU		
	TILSÅDD GANGAREAL		
	<b>PARKERING</b>		
	4. FRIOMRÅDER		
	PARK, IDRETT OG SPORT		
	LEIK		
	5. FAREOMRÅDER		
	<b>HØGSPENTLINE</b>		
	6. SPESIALOMRÅDER		
	KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG		
	<b>GRUNNVANNSBRUNN</b>		
	CAMPINGPlass/UTLEIGEHYTTER		
	<b>FORNMINNE</b>		



MÅL: 1 : 1000

REGULERINGSPLAN/ENDRING:

# GUNNARHAUGEN

Kartblad:  
Kartprodusent:

REVISJONAR:	DATO	SIGN.
JUSTERT ETTER BYGN.RÅDSVEDTAK 123/86.	13.11.86	K.K.

SAKSBEHANDLING IFLG. BYGNINGSLOVA:

1. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET	19.11.85	KK
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDSRUMMET	20.12.85-01.02.86	
2. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET	11.11.86	K.K.
E/T. NYTT OFFENTLEG ETTERSYN		
3. GONGS BEHANDLING I BYGNINGSRÅDET		
KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK		
STADFESTA AV:		

PLANEN UTARBEIDD AV:	DATO	SAK NR.	SAKSBEH
ÅL KOMMUNE - TEKN.ETAT	22.10.85		K.KLØVE

②

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KUPI

Ål kommune  
Teknisk Etat

3570 Ål

OSLO, 11.2.1986

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) THH/bd journ. 2688/84

Reguleringsplan for Gunnarshaugen bustadområde.

Vi viser til Deres henvendelse av 18. desember 1985 vedrørende ovennevnte planforslag.

Planområdet ligger slik til at vi kan forvente å finne jernvinne i området. Vi må derfor befare utbyggingsområdet før vi kan gi en uttalelse. Befaring kan først skje våren 1986.

Med hilsen

Arne Emil Christensen  
bestyrer

Tom H. Haraldsen  
mag.art.



UNIVERSITETETS  
OLDSAKSAMLING

FREDERIKS GATE 2  
OSLO 1

Gårds/bruksnavn Gunnarhaugen bustadområde	
G.nr./br.nr.	
Kommune Ål	Fylke Buskerud
Sogn	Prestegjeld
Eier/bruker, adr.	
Gjelder: Registrering i forbindelse med reguleringsplan for Gunnarhaugen bustadområde.	
Flyfoto	Kartref.
Innber./rapport/reg. ved: Espen Uleberg	Dato 21. mai 1986.

Registreringen ble utført 21/5.1986 av Kjell E. Sønsterud og E. Uleberg.

Det ble påvist 5 groper i området, hvorav 3 ser ut til å ligge i veitraséen, en fjerde like ved.

1. Firkantet grop, ca. 1,20m hver vei, i innerkant av platå inntil bratt skrent. Stein i veggene. Gropa ligger like ved stein merket K2. Mulig fornminne.
2. Drøye 5m V for 1, på samme flate; oval grop i kanten av kjerrevei, ca. 2x4m. Mulig fornminne.
3. ØSØ for merke 320B ligger en rund grop, diameter ca. 3m, ca. 0,70m dyp. Fornminne.
4. Rett V for laftet uthus ligger en rund kullgrop. Diameter ca. 5m, dybde ca. 0,70m. Lav voll rundt deler av gropa. To gjerdestolper er plassert i gropa.
5. Ca. 6mV for eksisterende vei ligger en delvis gjenfylt grop i skråning. Stikk i overkant ga kull. Den er ca. 3x3,5m i tverrmål, ca. 0,20m dyp. Voll i nedkant. Mulig fornminne.

Gropene er inntegnet på kart i målestokk 1:1000. Kartavmerkingene er omtrentlige.

*Espen Uleberg*  
Espen Uleberg

# UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

## KOPI

Al kommune,  
Teknisk etat,  
Boks 115,  
3570 Al.

OSLO. 9. juni 1986.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: 1951/85 504

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 2688/85 THH/GI.

### REGULERINGSPLAN FOR GUNNARSHAUGEN BUSTADOMRÅDE.

Vi viser til Deres henvendelse vedrørende ovennevnte planforslag.

Planområdet ble befart 21. mai 1986 på snøbar mark. Det ble funnet 5 fornminner innen planområdet, jfr. vedlegg.

Planen ble behandlet i møte 2. juni ved Oldsaksamlingen. Vi vil be om at kommunen justerer planen, slik at fornminnene blir liggende, og at arealer med fornminner reguleres til spesialområde. Den reviderte plan med reguleringsbestemmelser må forelegges Oldsaksamlingen.

Dersom et eller flere av fornminnene må fjernes av tekniske grunner, må vi få underretning om dette. Kommunen må da søke om frigivelse av de aktuelle objekter. Kostnadene til undersøkelser må dekkes av kommunen, jfr. lov om kulturminner. Det er usikkert om eventuelle undersøkelser kan gjennomføres i inneværende år.

Med hilsen


Arne Emil Christensen  
bestyrer

Tom H. Haraldsen  
mag.art.

Kopi: Fylkeskonservatoren i Buskerud.

Vedlegg.





ÅL KOMMUNE  
TEKNISK ETAT

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF: 067/81 011  
POSTGIRO: 5 50 09 05  
BANKGIRO: 2320.20.29 531

1 5

Journalnr.:  
1740/86

Arkiv nr.:  
504

Dato:  
13. NOVEMBER 1986.

VEGSJEFEN I BUSKERUD,  
TOLLBUGT. 2. 3000 DRAMMEN.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD,  
HAUGESGT. 89. 3000 DRAMMEN.

UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGA  
FREDRIKS GT. 2. 0164 OSLO 1.

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 002501	18 NOV.86
SAKSB. PON	ARK.Nr.

VEDR.:           REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.  
=====

Ål bygningsråd har i møte, den 11.11.86, sak 123/86, vedteke diverse endringer i reguleringsplanforslaget for Gunnarhaugen Bustadområde.

P.g.a. endringane er planforslaget lagt ut til nytt offentleg ettersyn.

Enkelte av endringane har betydning for Dykkar uttale til planforslaget, og ein vil difor be om ny uttale i samsvar med justert planforslag, innan 15.12.86.

Vedlagt fylgjer naudsynete justerte dokumenter og utskrifter.

Med helsing:

  
Kjell Kløve  
Teknisk sjef

Vedlegg: Just. plan  
reg.bestemmelser  
utskrift av møtebok for møte i Ål bygn.råd sak 123/86

# Utskrift av møtebok

for **ÅL BYGNINGSRÅD**

i møte den **11. NOVEMBER 1986**

Av **5** medlemmer var **5** til stades (møtande varamedlemmer medrekna).

**SAK 123/86**

**REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.  
2. GONGS HANDSAMING.**

**VURDERINGSGRUNNLAG.**

Planen vart sist handsama i bygningsrådet, den 19.11.85, sak 158/85. Ny avgrensning er godkjent i formannskapet, den 9.12.85, sak 474/85.

Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn og sendt alle vedkommande instanser til uttale med frist 1.2.86.

Etter samtale med grunneigarane på areala L1 og B4 har det kome fram at det er ynskjeleg å innregulere 2 ekstra bustadtomter på dette området. Ein del uttaleinstanser, bl.a. kulturkontoret og landbruksstyresmaktene har vore orientert om dette før dei gav uttale.

Ved fristens utløp var det kome inn svar frå 15 partar:

- 1. **KULTURSTYRET I AL, SAK 1/86 - 15.1.86.**

Påpeikar at det er uheldig å ha gang/sykkelveg over hoppbakkeområdet, men foreslår endring i reg.best. slik at opparbeiding og brøyting ikkje medfører vanskar for bruken av bakken.  
Adkomst til ev. tomter på L1 må leggast utanfor område F2.  
Gang-/sykkelveg må stengast for motorferdsel.

- 2. **AL FRILUFTSNEMND, SAK 1/86 - 21.1.86.**

Ser det som uheldig med gang/sykkelveg over hoppbakkeområde.

- 3. **LANDBRUKSNEMNDA I AL, SAK 9/86 - 30.1.86.**

Ser det som ynskjeleg at det vert lagt til rette for landbrukstransport/drift langs ein av sambindingsvegane. Nemnda ser det og som ynskjeleg om tomtene aust for ny veg (B5) vert teke ut av planen.

- 4. **FYLKESLANDBRUKSSTYRET, SAK 214 OG 323/1986 J - 21.4 OG 21.7.86.**

Fylkeslandbruksstyret peiker på ein del ulemper for landbruket, spesielt for B. Kirkedelen sin eigedom. Ål kommune, saman med herredsagronomen vert bedt om å vurdere løysingar som om mogeleg kan rette på dette. Forøvrig er f.l.st. innstilt på å godta utvidelse av bustadomr., men ber om å få framlagt revidert plan.

**SAK 123/86 FORTS. SIDE 2.**

# Utskrift av møtebok

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

**SAK 123/86 FORTS.**

**SIDE 2**

5. FYLKESMANNEN I BUSKERUD, MILJØVERNAVD. - BREV AV 8.1.86.

Ingen merknader, men atterhald om godkjent utslipp.

6. BUSK. FYLKESKONM, PLAN- OG NÆRINGSKONTORET - BREV AV 31.1.85.

Gangveg langs fylkesveg bør ha 3 m avstand frå køyrebane kant. Det vert rådd til at byggegrensa frå fylkesvegen for skuleområdet vert set til 25-30 m p.g.a. støy og andre forstyrrelser. Vidare er det bedt om visse redaksjonelle justeringer av reg.best.

7. FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD - BREV AV 19.12.86.

Ingen merknader. Viser til uttale frå Oldsaksamlinga.

8. STATENS VEGVESEN - BREV AV 24.2.86.

Gangveg langs fylkesvegen bør ha 3 m avstand frå køyrebane kant samt 1,5 m til grøft/skråning på innsida. Ellers ingen merknader.

9. OLDSAKSAMLINGA - BREV AV 11.2 86 OG 9.6.86.

Det er funne 5 fornminner innafor planområdet. Av desse er to sikre og tre mulige.

Oldsaksamlinga ber om at planen vert justert slik at arealer med fornminner vert regulert til spesialområder.

Dersom tekniske grunnar gjer det naudsynt å fjerne nokon av fornminna, må det søkast om frigjeving. Naudsynt undersøking må i så fall kostast av kommunen.

Revidert planforslaget må framleggast for Oldsaksamlinga.

10. TELEVERKET - BREV AV 29.01.86.

Ingen merknader.

11. ÅL KRAFTVERK - BREV AV 21.01.86.

Ingen merknader til planforslaget, men spørsmål om det kan avsetjast plass for trafo i område F1.

**SAK 123/86 FORTS. SIDE 3**

# Utskrift av møtebok

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

**FORTS. SAK 123/86**

**SIDE 3**

12. BIRGER KYRKJEDELEN - BREV AV 6.1.86, SAMT PÅ VEGNE AV KIRKEDELEN:  
ADVOKATFIRMA BUTTINGSRUD, ROHR TORP & GRØSTAD - BREV AV 7.2.86.

Motsetter seg planforslaget p.g.a. ulemper med gardsdrifta.  
Klager på sakshandsaminga p.g.a at B. Kirkedelen ikkje vart  
varsla om kommunestyret si synfaring i området.  
Nydyrkingsområdet syd for planområdet vert påstått å ikkje  
kunna nyttast dersom planen vert gjennomført.  
Dersom planen vert gjennomført, vert det stilt ein føresetnad  
om at "Haugavegen" kan nyttast som drifteveg.

13. OLAV KYRKJEDELEN - BREV AV 06.01.86.

Ber om at det vert innregulert tomt på L1 i samsvar med  
tidlegare avtale ved handgjeving av grunn til eksisterande  
bustadområde.

Peikar på at han har vegrett både på "Haugavegen" og  
Kvednavegen i forbindelse med jordbruksareal.

14. ASLE KYRKJEDELEN - BREV AV 05.01.86.

Ber om at areal B4 vert oppretthalde som hytteareal.  
Grense mellom F1 og B4 må flyttast 4 m sørover.  
Ynskjer å få innregulert ei ny tomt nordvest for B4 på L1,  
med adkomst frå Haugavegen.  
Godtek ikkje adkomst til B4 langs gangveg frå syd, men at det  
vert oppretthalde avkøyring frå fylkesvegen, langs Haugavegen.  
Påpeiker elles vatn/kloakktilhøve, samt verdiforringelse av  
hyttetomt.

15. NOTAT FRÅ MØTE, DEN 17.09.86.

Etter oppfordring frå fylkeslandbruksstyret har ordførar,  
heradsagronom og planleggar hatt eit møte for å vurdere ev.  
løysingar som kan redusere ulempene for B. Kirkedelen sin  
eigedom.

Konklusjonen på møtet gav ikkje medhold til Kirkedelen sine  
synspunkt.

Det var semje om å endre reguleringsbestemmelsene slik at  
driftsvegen for landbruk skulle vera Kvednavegen og ikkje  
Haugavegen. Imidlertid bør det oppretthaldast adkomst frå ny  
bustadveg inn på Kirkedelen sitt skogsareal aust for  
reguleringsområdet.

**SAK 123/86 FORTS. SIDE 4.**

# Utskrift av møtebok

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

**FORTS. SAK 123/86**

**SIDE 4.**

SAKSHANDSAMAR SINE MERKNADER.

Ut frå dei uttaler som er gitt, er det klart at alle ynskjer og krav ikkje kan innarbeidast i planen, dersom tomteantal og tekniske krav til vegføringer skal oppretthaldast.

Imidlertid er det og merknader som kan imøtekomast utan å endre grunnleggande prinsipper i planutkastet, snarare tvert i mot gjera planen betre og meir tilpassa stedlige tilhøve.

Oldsaksamlinga si registrering av fornminner viser at 3 av registreringane ligg innafor ny vegtrase, ei vert liggande på eksisterande hyttetomt og ei ligg utanfor planavgrensinga.

Terrenget tilseier at vegtraseen ikkje kan flyttast utan at det vert store skeivheiter i massebalansen dersom ein skal stette vanlege stigningskrav. Det bør derfor søkjast om frigivelse for desse tre fornminna. Det nordlegaste fornminnet kan innpassast i reg.planen som spesialområde, medan det siste ligg utanfor reguleringsgrensa.

Dei endringar som ein vil foreslå i planutkastet, er sopass omfattande at dei må kallast vesentlege. Dersom bygningsrådet vedtek desse, må planen difor leggest ut til nytt off. ettersyn.

Ein gjer ut frå dette fylgjande

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Al bygningsråd har vurdert alle uttaler, rekna frå 1 til 15 i saksutgreiinga.

Ein rår til at det framlagte planutkast får innarbeidd fylgjande endringar:

- Gangveg langs fylkesvegen vert regulert med 3 m avstand frå køyrebane kant og 3 m til grøft/skråning på utsida.
- Haugavegen vert mellom fylkesveg og hoppbakke regulert til køyreveg.
- Frå Haugavegen vert det innregulert fellesadkomst for tre tomter.
- Ein del av området L1 vert omregulert til to bustadtomter. Desse to tomtene samt område B4 får samanheng med B2, og går difor inn som ein del av dette området.
- Grensa mellom eksisterande hyttetomt(B4) og F1 vert flytt ca. 3 m mot syd-vest.
- Fornminne like ved eks. hyttetomt(B4) vert å regulere som spesialområde med naudsynt verneareal rundt, d.v.s. som ein sirkel med diameter 15 m.

**SAK 123/86 FORTS. SIDE 5.**

# Utskrift av møtebok

for

i møte den

Av

medlemer var

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

**FORTS. SAK 123/86.**

**SIDE 5.**

- Reguleringsområdet vert utvida i ei stripe austover langs fylkesvegen, slik at frisisiktsone frå Haugavegen kjem innafør planen.
- Reg.best. 7.1.E. vert endra til:  
"Opparbeiding og vedlikehald av gangsti gjennom område F2 må skje slik at det ikkje vert til hinder for bruk av hoppbakke".
- Reg.best. får eit nytt pkt.7.1.F. som skal lyde:  
"All landbrukstrafikk til landbruksareala syd for planområdet skal gå over Kvednavegen, ikkje over Haugavegen.  
Dog kan Gunnarhaugvegen nyttast for å få adkomst for skogsdrift på skogsarealet som ligg nærast aust for planområdet."

Al kommune ved ordføraren vert beden om å søkje Oldsaksamlinga om frigjeving av 3 fornminner som ligg i ny vegtrase.

Planforslaget vert å leggje ut til nytt offentleg ettersyn, og må sendast Oldsaksamlinga, Fylkeslandbruksstyret og Vegvesenet til ny uttale.

Grunneigarane vert varsla om endringane.

## **BYGNINGSRÅDET SITT VEDTAK:**

**FRAMLEGGET FRÅ SAKSHANDSAMAR VERT GODKJENT.**

Rett utskrift: Al, den 12. november 1986

  
Kjell Kløve  
Teknisk sjef

Utskrift går til: grunneigarane

Vegsjefen i Buskerud  
Fylkeslandbruksstyret  
Universitetet i Oslo/  
oldsaksamlinga  
Adv. Finn Grøstad  
Ordførar Haug

## **REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN.**

---

Reguleringsføresegnene gjeld for området innafor reguleringsgrensa som vist på plankart for Gunnarhaugen, dagsett 22.10.85.

Tidlegare reguleringsplan for Gunnarhaugen i målestokk 1:2000, med tilhøyrande reguleringsføresegner, stadfesta av fylkesmannen den 09.10.78, vert oppheva av denne planen.

Innafor planområdet er det regulert til fylgjande reguleringsføresmål:

1. BYGGEOMRÅDER
2. LANDBRUKSOMRÅDER
3. TRAFIKKOMRÅDER
4. FRIOMRÅDER
5. FAREOMRÅDER
6. SPESIALOMRÅDER

### **1. BYGGEOMRÅDER**

#### **BUSTADER**

I bustadområda kan oppførast bustader med tilhøyrande bygningar (garasjer, uthus etc.).

Bygningsrådet kan tillate innslag av kommersielle eller sosiale verksemdar som etter rådet sitt skjønn ikkje vil verke forstyrrande eller skjemmande på bumiljøet.

Bygningar kan oppførast i maks. 1 høgd, men loft kan utnyttast til rom for varig opphald. Sokkeletasje/kjellar kan og ha rom for varig opphald der det etter bygningsrådet si vurdering ligg til rette for det.

Maks. bebygd grunnflate skal ikkje overstige 25 % av tomtestørrelsen.

#### **OFFENTLEGE BYGNINGAR**

Nord for fylkesvegen er det avsett areal til barneskule.

Skuleområdet er delvis utbygd, og planlagt utvida til bygningsstorleik som innteikna på planen.

Det er vidare avsett areal til kommunal barnehage.

### **2. LANDBRUKSOMRÅDER**

Område angitt i planen som L 1, skal nyttast til landbruk/skogbruk.

Bygningsrådet kan tillate oppført mindre bygningar som nyttast i landbruksdrifta, dersom dei etter rådet sitt skjønn ikkje verkar skjemmande eller er til plage for bumiljøet i planområdet.

Langs fylkesvegen er ein del areal lagt ut til landbruksformål ettersom planbegrensinga er lagt langs byggelinja.

### 3. TRAFIKKOMRÅDER

Trafikkområda skal nyttast til køyreveggar, gangveggar/gangsti og parkeringsplass, med tilhøyrande grøfter/skråningar.

### 4. FRIOMRÅDER

Friområda kan nyttast til leikeplassar, turveggar, sportsutøving m.m. Områda skal virke som åtkomst til aktivitetar på arealet og til omkringliggende utmark utanfor planområdet. Innafor område F 2 er det sett av plass for hoppbakke. Det kan tillatast oppføring av leikeutstyr.

### 5. FAREOMRÅDER

Over vestre del av planområdet går ein 24 kV høgspenline. Byggeforsbudsareal langs lina er innteikna på plankartet og gitt skravur. Mindre viktige bygningar (uthus, garasje o.l.) kan tillatast oppført på det skraverte arealet etter nærare retningsliner, og etter godkjenning frå bygningsrådet og eigaren av lina.

### 6. SPESIALOMRÅDER

I planen er det avsett areal til kommunaltekniske anlegg. Areal er nytta og vil bli nytta til plassering av grunnvannsbrunn. Det kan tillatast oppført pumpehus på området. Det er innregulert eit sp.område som vern for fornminne.

### 7. ANDRE FØRESEGNER (JFR. BYGNINGSLOVA § 26 NR. 1)

#### 7.1. TRAFIKKAREAL (JFR. § 26 NR. 1A)

- A. Stigningen på køyrevegane skal ikkje overstige 10 o/oo.
- B. Terrenginngrep i samband med veganlegg skal skje mest mogeleg skånsamt. Vegskjæringer og fyllinger skal tilplantast eller handsamast på annan tiltalende måte.
- C. Hovudåtkomst for området vert frå fylkesveg 244. Planen har tre avkøyringar frå fylkesvegen:
  - Hovudveg inn i bustadområdet
  - Avkøyring til skuleområdet.
  - Køyreveg inn mot friareal F2.
- D. I området mellom frisisiktline og vegføremål (frisiktsoner), skal det vera fri sikt i ei høgde av 0,5 m over planflate mellom tilliggande vegar.



- E. Opparbeiding og vedlikehald av gangsti gjennom område F2 må skje slik at den ikkje vert til hinder for bruk av hoppbakke.
- F. All landbrukstrafikk til landbruksareala syd for planområdet skal gå om Kvednavegen, ikkje over Haugavegen.  
Dog kan Gunnarhaugvegen nyttast for å få adkomst for skogsdrift til skogsarealet som ligg nærast aust for reguleringsområdet.

## 7.2. BEBYGGELSEN. (JER. § 26 NR. 1B OG 1C)

- A. Bebyggelsen skal utformast som frittliggande bygningar.
- B. Bygningane skal ha saltak med takvinkel mellom 18 og 35 grader. Taktekkje skal ha avdempa farge.
- C. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå til at bebyggelsen får ei utforming og materialhandsaming som høver inn i byggeskikk og bygdekultur i området.  
Det skal og leggast stor vekt på at plassering av bygningar og eksteriør gir ein god intern harmoni innafor feltet.  
Utvendige farger skal godkjennast av bygningsrådet.
- D. Bygningar kan oppførast i ein etasje, men loft kan utnyttast til rom for varig opphald. Det same gjeld rom i sokkeletasje/kjellar når det ligg til rette for det.
- E. Gesimshøgda skal ikkje overstige 5,0 m.  
Høgde frå terreng til møne skal ikkje overstige 8,0 m.
- F. Plassering av bygningar på tomtene skal fastsetjast av b.rådet.
- G. Garasjer og uthus kan oppførast i ein etasje med grunnflate ikkje over 50 m<sup>2</sup>, og skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til form, farge og materialval.  
Frittliggande garasjer og uthus kan plasserast med ein vegg inntil 1,0 m frå nabogrense.  
Dersom terrengtilhøva eller andre særlege grunnar tilseier det, kan garasje/uthus plasserast inntil 4 m frå regulert vegkant når utkøyring frå garasje skjer på eigen gardsplass.
- H. Plassering av garasje/uthus skal vera vist på situasjonsplanen som fylgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om det ikkje skal oppførast samstundes.
- I. I tillegg til garasje skal det på kvar tomt vera oppstillingsplass for minst ein personbil.

## 7.3. UTNYTTING AV TOMTENE. (JER. § 26 NR. 1D)

Grunnflata av alle bygningar på bustadtomtene skal ikkje overstige 25 % av tomta sitt nettoareal.

#### 7.4. FELLES AREAL (JER. § 26 NR. 1E)

Som åtkomst for enkelte tomter er det avsett felles trafikkareal som vist på planen.

#### 7.5. UBEBYGD AREAL (JER. § 26 NR. 1I)

- A. Ubebygd areal skal gjevast ei tiltalande behandling. Eksisterande vegetasjon må så langt råd er takast vare på.
- B. Inga tomt må plantast til med tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjønn verkar skjenerande for offentleg ferdsel eller for naboeigedommar.
- C. Materialbruk, utforming og farge på gjerde, forstøtningsmurar, skilt, utelys m.v. må godkjennast av bygningsrådet.
- D. Tørkestativ, oljefat, søppelstativ o.l., skal plasserast slik at dei skjenerar minst mogeleg.
- E. Ubebygd del av tomta skal haldast i orden og god stand. Eventuell utandørs lagring må ordnast på ein tiltalande måte og om naudsynt skjermast mot innsikt.
- F. Areal for kommunaltekniske anlegg som ikkje er bebygd, skal såast og plantast til, slik at det fell godt inn i naturmiljøet.

### B. FELLESEFØRESEGNER

#### B.1

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er stadfesta, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtaler i strid med planen.

Desse reguleringsbestemmelsene er sist vedteke i bygningsrådet, den 11.11.86, sak 123/86.

# UNIVERSITETET I OSLO

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

6

Ål kommune,  
Teknisk etat,  
Torget 1,  
3570 Ål.

KOP1

OSLO, 13. februar 1987.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: 1740/86

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 2501/86 PON/mh

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN, ÅL KOMMUNE,  
BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 31. oktober 1986 og  
telefonsamtale den 12. februar 1987.

Før Ål kommune søker om opphevelse av fredningen på de 3  
gropene i den planlagte, nye vegtraséen, foreslår jeg at jeg  
først foretar en befaring på stedet.

I registreringsrapporten datert 21. mai 1986 blir R1, R2 og R5  
vurdert som "mulige fornminne". Hvis disse fornminnene faller  
bort, må kommunen bare søke om frigivning av R3.

en befaring vil finne sted så snart føreforholdene tillater  
det. Vi har ellers ingen merknader til planforslaget.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker

# UNIVERSITETET I OSLO

7

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Ål kommune,  
Teknisk etat,  
3570 Ål.

KOPI

OSLO, 7. juli 1987.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

1740/86

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

2501/86 PON/mh

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN BUSTAD-  
OMRÅDE, LEVELD, GNR. 66, ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres brev av 13. november 1986 og vårt  
brev av 13. februar 1987.


Ved en befaring den 30. juni 1987 ble det fastslått at  
R1, R2, R3 og R5 ikke er fornminner.

Det er derfor ikke nødvendig å søke om frigivelse av  
noen fornminner. Universitetets Oldsaksamling har ingen  
merknader til at den nye veien blir bygget.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i  
planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning  
det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner  
på fem meter, og melding skal straks sendes Universi-  
tetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9.  
juni, § 8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker



# ÅL KOMMUNE

TEKNISK ETAT

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF: 067/81 011  
POSTGIRO: 5 50 09 05  
BANKGIRO: 2320.20.29 531

OLDSAKSAMLINGER	
J.nr 001969	23 JUL 87
BAKSB. - <i>pon</i>	ARK. B.

8

Postnr.:  
2501/87

Arkiv nr.:  
504

Dato:  
20.07.1987

SKULESTYRET I ÅL, 3570 ÅL.  
KULTURUTVALET I ÅL, 3570 ÅL.  
FRILUFTSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.  
ÅL KRAFTVERK, 3570 ÅL  
LANDBRUKSNEMNDA I ÅL, 3570 ÅL.  
FYLKESKONSERVATOREN I BUSKERUD, KONNERUDGT. 7, 3000 DRAMMEN  
UNIVERSITETET I OSLO - OLDSAKSAMLINGA, FREDRIKS GT. 2, 0164 OSLO 1  
TELEVERKET - DRAMMEN TELEOMRÅDE, Ø. STRANDGT. 2, 3000 DRAMMEN.

VEDR.:       REGULERINGSPLAN FOR GUNNARHAUGEN BUSTADFELT.

---

Vedlagt vert oversent Ål kommunestyre sitt vedtak på eigengodkjenning av ovannemde plan, samt kopi av rådmannen sin begrunna innstilling til formannskapet.

Med helsing

*Dag Hovde*

Dag Hovde  
avd.ing.

vedlegg

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for AL KOMMUNESTYRE

i møte den 25. juni 1987

Av 25 medlemmer var 25 til stades, møtande varamenn medrekna

K. SAK.

82/87. REGULERINGSPLAN FOR UTVIDING AV GUNNARHAUGEN BUSTADFELT.  
ARKIV 504

Samrøystes vedtak:

1. Al kommunestyre godkjenner planforslag for utviding av Gunnarhaugen bustadfelt, dagsett 22.10.1985, sist justert 04.01.1987.
2. Al kommunestyre godkjenner vidare reguleringsføresegner, sist justert i bygningsrådet 04.02.1987, med følgjande endring/ tillegg:
  - Pkt. 7.1 F får følgjande ordlyd:  
Haugavegen kan nyttast som landbruksveg for dei bruk som grensar inntil og har bruksrett til vegen, avgrensa til areal nord for Votna.  
Dersom denne bruken av vegen fører til plager/ulempar for bustadområdet, kan kommunen krevje at retten til slik vegbruk vert inndrege og innløyst. Landbrukstrafikk må i såfall gå over Kvednavegen.
3. Teknisk etat kunngjer kommunestyret si eigengodkjenning av planen når fylkesmannen si godkjenning av dette vedtak ligg føre.

Rett utskrift, Al formannskapskontor 29. juni 1987

*Kirsten Sollien*  
Kirsten Sollien  
ktr.flm.

Vert sendt: Fylkesmannen i Buskerud  
Tehnisk etat  
Asle Gurigard  
Kristoffer Lyngstad  
Asle Kyrkjedelen, Geilo  
Olav Kyrkjedelen  
Birger Kirkedelen  
Advokat Finn Grøstad

<b>AL KOMMUNE, TEKN. ETAT</b>	
Forskrift: 2501	19 87
Arkiv: 504	
GÅR TIL: DH/LP	
TIL ORIENTERING:	

27  
F. SAK 87/202

K. SAK 87/082

REGULERINGSPLAN FOR UTVIDING AV GUNNARHAUGEN BUSTADFELT.

Arkiv 504.

I ekspedisjon av 25/05-1987 har teknisk etat sendt over framlegg til reguleringsplan for utviding av Gunnarhaugen bustadfelt med diverse vedlegg.

Kopi av følgjande ligg ved:

- Dokumentliste av 25/5-1987.
- Møteutskrift frå Bygningsrådet 21/5-1987 sak 58/87.
- Sjølve reguleringsplanen (bare til formannsk.medl.)

Av dokumentlista går det klart fram kva dokument som ligg føre i saka. Vi finn ikkje grunn til å sende ut kopi av allt dette, då dokumenta - etter yunskje - kan bli referert i møta.

"Stridens eple" tykkjest vera Haugavegen og bruken av denne. Bygningsrådet tilrår at vegen kan nyttast som jordbruksveg for dei bruk som grensar inntil. Samstundes er det teke atterhald om å inndra retten til jordbruksveg dersom det syner seg å føre til plager i bustadområdet. I fall inndraging av denne vegrett skulle bli aktuell, må ein også vere budd på innløyising av den. Vi går ut frå at dei tilstøytande grunneigarar har bruksrett til vegen, og denne kan ein ikkje ta frå dei utan vederlag. Vi kunne difor tenkje oss ein litt endra ordlyd på pt. 7.1.F i reduleringsføresegnene.

Ellers har vi ingen merknad og rår formannskapet til å gjere slikt

FRAMLEGG:


1. Al kommunestyre godkjenner planforslag for utviding av Gunnarhaugen bustadfelt, dagsett 22.10.1985, sist justert 04.01.1987.
2. Al kommunestyre godkjenner vidare reguleringsføresegner, sist justert bygningsrådet 04.02.1987 med følgjande endring:


Pkt. 7.1.F får følgjande ordlyd:

Haugavegen kan nyttast som landbruksveg for dei bruk som grensar inntil og har bruksrett til vegen. Dersom denne bruken av vegen fører til plager/ulempar for bustadområdet, kan kommunen krevje at retten til slik vegbruk vert inndrege og innløyyst. Landbrukstrafikk må i såfall gå over Kvednavegen.

3. Teknisk etat kunngjer kommunestyret si eigengodkjenning av planen når fylkesmannen si godkjenning av dette vedtak ligg føre.

AL FORMANNSKAPSKONTOR, den 4. juni 1987.

  
Olav Andersen  
rådmann

  
Sigurd Flaegseth